



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
17/16748-14

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.02.2019

Driftskontrakt 1403 Nordfjord

Vi viser til vårt brev av 28.08.2018 og til styringsmøtet 22. januar 2019.

Driftskontrakten for Nordfjord var tenkt lyst ut med 5 år med driftsoppstart 1.1.2019, og det er dette vi har orientert fylkeskommunen om i ovannemnde brev.

Vi lyser ut riksvegar og fylkesvegar i ein felles kontrakt. Statens vegvesen har no avgjort at kontraktslengda for riksvegar skal vere 4 år. Vi meiner at det er mest praktisk å lyse ut fylkesvegane også for 4 år slik at vi får lik driftsperiode for både riks- og fylkesvegar i same kontrakt. Driftsperioden for kontakten blir då 1.9.2019–1.9.2023 med 1 år opsjon.

Kontrakt for Ytre Sunnfjord har driftsperiode 2018–2023. Dette gjev oss handlingsrom for å samordne med omkringliggende fylkesvegar i neste kontraktperiode. Vi kan gjere endringar med kontraktsgrenser og eventuelt danne ein rein fylkesvegkontrakt.

Indre Sunnfjordkontrakta går ut 31.08.2020, og det gjer det mogeleg å skrive inn føresegner rundt fylkesvegar i den nye kontrakten.

Vi har i ovannemnde brev opplyst om at vi ville overføre driftsansvaret for vegane i Hornindal kommune til Statens vegvesen Region midt i samband med utlysing av driftskontrakten. Dette på grunn av kommunesamanslåinga frå 1.1.2020. Vi har no kome til at vegane i Hornindal likevel vert lyst ut i Nordfjordkontrakten for perioden 1.9.2019 til 1.9.2020. Då vil ny kontrakt for Indre Sunnmøre gjelde og fylkesvegane i Hornindal er då med der.

Møre og Romsdal fylkeskommune må betale Vestland fylkeskommune for drift av desse vegane i perioden 1.1.2020 – 31.08.2020.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Næss Eli Marita Vik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.